

E. Nyheim Anleggsservice  
Mykingvegen 1206  
5957 MYKING

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/6186 - 14/20946

Saksbehandlar:  
Siril Therese Sylta  
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:  
15.09.2014

## Arkivering av søknad utan handsaming - gbnr 44/1 Skauge

Lindås kommune stadfestar å ha motteke dykkar søknad 20.08.2014. I søknaden er det vist til at det gjeld riving av gammalt hus.

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Det vert mellom anna vist til:

- Det manglar ei side av søknadsskjemaet
- Skjemaet er mangelfult fylt ut
- Det er ikkje vist storleiken på tiltaket som skal rivast
- Det må gå fram av søknaden om rivinga er eit mindre tiltak etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-2, jf. byggesaksforskrifta § 3-1 med rettleiar. Dersom tiltaket ikkje fell innanfor § 20-2, er det krav til ansvarleg føretak for tiltak omfatta av pbl § 20-1 bokstav e.
- Søknaden er ikkje signert av tiltakshavar/ansvarleg søkjar
- Dersom tiltakshavar/søkjar ikkje er heimelshavar av eigedommen, må det leggest ved fullmakt frå heimelshavar
- Blankett 5156 er ikkje sendt inn
- Dersom det er krav om søknad etter pbl § 20-1, må det gå fram av nabovarselet at dei som har pengeheftelsar i eigedommen er varsla.

Søknaden inneheldt for lite opplysningar til at den kan handsamast. Søknaden vert **arkivert utan vidare handsaming**. Når saka er arkivert utan handsaming må det sendast inn full ny søknad.

Søknadsskjema ved innsending av ny søknad er å finna på [www.dibk.no](http://www.dibk.no). For lenke til lovverk og sentrale forskrifter så finn ein dei på [www.lovdato.no](http://www.lovdato.no), og på [www.dibk.no](http://www.dibk.no).

Lindås kommune har byggesaksvakt som er open kvar tysdag og torsdag frå kl. 9-15, der ein kan få rettleiing i samband med byggesaker.



Med helsing

Siril Therese Sylta  
konstituert fagleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

E. Nyheim Anleggsservice

Mykingvegen 1206 5957

MYKING